

Hordaland fylkeskommune

10 Aug 2015

Kvinnherad Taxi AS
Pb 198
5480 Husnes

Husnes 04.08.2015

Hordaland Fylkeskommune Samferdselsavdelinga
Postboks 7900
5020 Bergen

Kvinnherad Taxisentral

Grunna dramatisk svikt i antal turar og innkjørte kroner pr. løyve, har løyvehavarane tilslutta Kvinnherad Taxisentral store problem med rekruttering av leigesjåførar, og moglegheit til å oppretthalda døgnvakt i kommunen.

Med få sjåførar kjem me i konflikt med kjøre og kviletid, arbeidsmiljølova og vegtrafikklova. Dette medfører stor belastning på eigarane, og me er nøydt for å omorganisere drifta. Me har sagt opp trafikkleiaren ved kontoret, og ser oss nøydt til å be om fritak frå døgnbemannna kjøreplikt.

Skal Kvinnherad Taxi AS bestå, ser me for oss å ha ope, eller ver tilgjengeleg for publikum mandag til torsdag frå 07.00- 18,00. Døgn bemanna helgevakt som før. Etter kontortid kjøre me bere forhandsbestilte turar.

Taxi næringa i heile landet, og særleg distriktsløyva slit med same problem. Svikten i turar er som følgje av at Fylkeskommunen, Kommunane, Helseføretaka o. l. nyttar eigne og andre transportmiddel, som ikkje er underlagt same strenge og kostnadskrevjande restriksjonar som vår næring.

Dersom Løyvehavarane i Kvinnherad Taxi AS ikkje får disp. frå kjøreplikta, ser fleire eigarar seg nøydt til å levera inn løyva. Dette vil igjen få dramatiske følgjer for innbyggjarane i Kvinnherad Kommune som då vil stå utan drosjetilbod.

Me håpar på positiv tilbakemelding og snarleg svar.

Mvh
Kvinnherad Taxi AS

Daglig leiar
Irene Engelsen
Irene.engelsen@knott.no

Irene Engelsen